



**PROTOKOLL**  
**MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

<b>Møte:</b>	<b>7/2013</b>
<b>Tid:</b>	<b>Mandag 30. september 13:00 - 15:30</b>
<b>Stad:</b>	<b>Nordhordland Utviklingsselskap IKS</b>

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Jon Askeland, Kari Foseid Aakre, Nils Marton Aadland, Hallvard Oppedal, Knut Moe, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes, Roy Asle Tungland (varaordfører Fedje kommune) og Marit Steinestø (varaordfører Masfjorden kommune)
<b>Rådmenn:</b>	Øistein Søvik, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Odd Ivar Øvregård, Jarle Landås, Vidar Bråthen, Svein Helge Hofslundsengen
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss (sak 76/13) og Anne Hildegunn Færøy (sak 74-76/13)
<b>Andre:</b>	Endre Tvinnereim, UIB og Gidske Andersen, Uni Miljø (sak 74/13), Geir Lien, Helse Bergen HF (sak 74-76/13)
<b>Forfall:</b>	Karstein Totland, Kristin Handeland, Reidun Halland, Jan Olav Osen

<b>Sak 72/13</b>	<b>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</b> Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 73/13</b>	<b>Godkjenning, møteprotokoll møte 6/2013</b> Møteprotokollen frå møte 6/2013 vart godkjent utan merknadar
<b>Sak 74/13</b>	<p><b>Medverknad til prosjektsøknad: Klimaendringar, lynnbrann, skred og samfunnsrisiko i Nordhordland.</b> (vedlegg)</p> <p>Endre Tvinnereim, Rokkansenteret og Gidske Andersen, Uni Miljø presenterte ein prosjektide om klimatilpassing som dei ynskjer å gjennomføra i Nordhordland. Tvinnereim peika på viste til klimarapporten som vart lagt fram siste veke, og elles til det me veit om framtidige klimaendringar. Norge vert 2-4 grader varmare over tid, og me får 15-30 % meir nedbør. Me treng å skalera dette ned regionalt for å verta meir presis. Tema ein ynskjer å sjå på er klimatilpassing i natur og samfunn, skred, brann, klimatilpassing og forvaltning på fleire nivå og konsekvensar for forsikring.</p> <p>UIB vil søkja det nye store NORKLIMA-programmet som snart blir utlyst. UIB ynskjer å ha ein open dialog med kommunane og Regionrådet i Nordhordland om kva problemstillingar og behov dei oppfattar som mest relevante i forhold til denne problematikken, samt med omsyn til val av område og kommunar der det kunne vera særlig aktuelt å studera miljørisikoar og strategiar for tilpassing. Spesielt ville dei ha tilbakemeldingar på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kva spørsmål treng kommunane svar på?</li> <li>▪ Korleis kan forskerar bidra til betre planar for klimatilpassing?</li> <li>▪ Kva moglegheiter har kommunane til å bidra til søknaden og prosjektet (støtteerklæring, arbeidsinnsats, anna)</li> <li>▪ Nils Marton Aadland takka for ein særers interessant presentasjon av eit viktig tema. I</li> </ul>

	<p>tillegg til nemnde tema peika han på behov for å vurdera havstigning og ras generelt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Astrid Aarhus Byrknes takka og for presentasjonen og viste til at t.d. Lindås kommune har nylege ROS-analyser liggande og at ein bør kunne bruka desse i vidare arbeid.</li> <li>▪ Per Lerøy understreka at brann er eit viktig tema å sjå på og viste til brann like i nærleiken til Mongstad som kunne vorte ei større utfordring, og han peika på havstigning som viktig tema.</li> <li>▪ Hallvard synest dette er eit særst viktig tema som Gulen gjerne vil vera med på.</li> <li>▪ Marit Steinestø peika på at snøras også er eit stort tema i Masfjorden.</li> <li>▪ Rune Heradstveit viste til at klimaendringar har vore eit viktig tema i den nasjonale beredskapen og prioritert område frå fylkesmannen i mange år, og at dette er eit tilbod frå UIB med fleire ein bør nytta seg av. Det er imidlertid viktig at kommunane i såfall prioriterer det, og at det vert eit kontaktnett på tvers av kommunane som UIB kan nytta seg av.</li> <li>▪ Endre Tinnereim viste til at t.d. kartgrunnlag (også gamle) vil vera viktige bidrag.</li> <li>▪ Jon Askeland oppsummerte med at Regionrådet bør gje støtteerklæring til dette viktige prosjektet og at ein set av personellressursar for å hjelpe UIB med det. Han foreslo vidare at UIB i fyrste omgang koordinerer med NUI.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b></p> <p> Regionrådet Nordhordland synest det flott at Region Nordhordland er tenkt som område for prosjekt om «Klimaendringar, lyngbrann, skred og samfunnsrisiko i Nordhordland». Dette høver fint inn i vårt arbeid med å bli utpeikt som eit Unesco Biosfæreområde, og vil bli teke med vidare i dette arbeidet. Kommunane vil også bidra inn til prosjektet så langt som råd er med og skaffa til veie kunnskap og kompetanse som kommunane har</p>
<p><b>Sak 75/13</b></p>	<p><b>Godkjenning av mandat til folkehelsegruppa (vedlegg)</b></p> <p>Regionrådet Nordhordland fatta vedtak om oppretting av folkehelsegruppa i sak 24/13 som ledd i kommunane si oppfølging av Lov om folkehelse. Gruppa er tverrfagleg samansett av fagpersonar frå alle samarbeidskommunane, og dei skal vurdera om det skal utarbeidast ein felles regional plan som sikrar samarbeid om forskingsbasert utvikling av folkehelsearbeidet i regionen. Samarbeidskommunane har fått prosjektmidlar slik at ein har kunna engasjera prosjektleiar i 20 % stilling frå august 2013 og ut året. Leidulv Brunborg er engasjert som prosjektleiar. Gruppa har starta arbeidet og har hatt 2 møter. Gruppa har som arbeidsmål å levere ferdig produkt innan 31.12.13.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p> Regionrådet Nordhordland slutta seg til framlegg til mandat og samansetting av gruppa som skal vurdera interkommunalt samarbeid om utvikling av folkehelsearbeid i regionen</p>
<p><b>Sak 76/13</b></p>	<p><b>Handsaming av NUI sin rapport innhald, tomteval, eigarskap og økonomisk modell for Helsehuset – vedtak</b></p> <p>Viser til framlegging av rapport i regionrådsmøte 6/2013, samt til framlegg til vedtak – vedlegg 76-13 til møtet.</p> <p>Spesialrådgjevar, Psykiatrisk divisjon Helse Bergen HF, Geir Lien var med i møtet. Han peika på at det er veldig kjekt å sjå framgang i prosjektet, og at dei som tidlegare ynskjer å vera med i Region- og helsehuset. Han presiserer at det er viktig med fortsatt framdrift, og at det er særst viktig for dei å få endeleg avklaring grunna plassutfordringar i noverande lokale. Han peika på at det er viktig at me er tydeleg på prosjektet overfor Helse Bergen HF då dei har mange andre prioriterte prosjekt som gjerne vil realiserast.</p> <p>Per Lerøy peika på at han fortsatt var positiv til plasseringa av huset, men at det var kome opp nokre spørsmål om vegen opp til huset, og plasseringa i forhold til vidaregåande skule m.v., særleg når det gjeld tenester innan rus og psykiatrien. Geir Lien understreka at i forhold til det siste såg han ingen problem, snarare at det var positivt at ein låg nærme skular m.v. grunna at også elevar er i målgruppa.</p>

Astrid Aarhus Byrknes viste til at spørsmålet til Per Lerøy om veg og elles trafikkale utfordringar, var eit av dei momenta planavdelinga i kommunen må ta stilling til i den vidare prosessen. Ho understreka at det derfor er viktig for kommunen å byrja dette arbeidet snarast. Ho bad også om at det vart vurdert om NUI skulle gjennomføra privat reguleringsplan.

Hallvard Oppedal synest prosjektet var presentert på ein god måte, men at han dessverre måtte forlata siste møte før saka var ferdig diskutert. Han var imidlertid litt tvilande til organisasjonsform, og meinte at vertskommunemodellen med Lindås som eigar var betre.

Både Jon Askeland og Rune Heradstveit peika på at dette er grundig vurdert i prosessen, i rapporten til NUI og i ulike møte, og at ein i forhold til framdrift ikkje bør drøfta dette vidare.

Øivind Olsnes peika på at to moment låste den vidare prosessen litt tidleg. Han meina at ein burde vurdert eigarskapet med enten nytt IKS eller NUI grundigare, og han meinte at fleire tomtealternativ burde vore nemnt i forslag til vedtak slik at ein ikkje låste seg dersom tomta ved rådhuset skulle visa vanskeleg å få kjøpa. Odd Ivar Øvregård understreka at ein må skilja mellom eigarskap i forhold til oppføring og drift av bygget, og i forhold til kven som får ansvar for å drifta tenestene. Han meinte vidare at ein gjerne kunne peika på alternative tomter.

Jon Askeland sa at forhold rundt eigarskap og ei behovet for ei utgreiing var vurdert, men at han ikkje kunne sjå behov for dette. Ei vidare utgreiing av dette vil medføra tidstap. Rune Heradstveit peika på at ein ved innstillinga var tydelege på kva tomt ein synest var den beste, men at dersom det skulle visa seg at den av ulike grunnar ikkje kan realiserast, så ligg det i rapporten at Regionrådet / NUI jobbar vidare med neste alternativ. Det er derfor viktig som Astrid Aarhus Byrknes har peika på, at Lindås kommune avklarar dette så fort som mogleg. Jon Askeland påpeika at det var særskilt viktig å sikra framdrift i prosessen, og viste bl.a. til Helse Bergen HF, og påkalla Regionrådet om å visa leiarship i forhold til framdrifta, og oppmoda om å gå for innstillinga.

Øistein Søyvik peika på at eigardelen for den enkelte kommune kan som nemnt i rapport variere utover folketalsdelen, blant anna ved at Lindås kommune som stor leigetakar kan ta ein større del.

Elles litt diskusjon.

#### **Vedtak:**

- Regionrådet sluttar seg til NUI sin rapport «Tilråding; innhald, tomt, eigarskap, økonomi, og organisering» med særleg vekt på fylgjande punkt:
  - a. Regionrådet sluttar seg til forslaget om at ein byggjer eit Region- og helsehus på tomta ved rådhuset – T13 (områdeplan). Regionrådet ser dette som eit spennande og framtidretta alternativ både på kort og lengre sikt som legg til rette for nytenking og gode løysingar, særleg retta mot framtidige kommunale og regionale oppgåver. Regionrådet ber Lindås kommune snarast avklara om tomta kan frigjerast og seljast til føremålet.
  - b. Regionrådet sluttar seg til at ein planlegg eit bygg på om lag 8000 m<sup>2</sup>, men at endeleg storleik vert avklara i den vidare prosessen.
  - c. Regionrådet sluttar seg til at Region- og helsehuset er offentleg eigd, at bygget vert oppført og drifta av eit interkommunalt selskap (IKS), og at dette vert lagt til NUI med naudsynt revisjon av noverande selskapsavtale.
  - d. Regionrådet vil ha som prinsipp at husleiga dekker kapitalkostnadane og kostnadane med drift og vedlikehald av bygget.

	<p>e. Regionrådet ber NUI inngå intensjonsavtaler med aktuelle leigetakarar.</p> <p>f. Regionrådet sluttar seg til at det vert inngått langsiktige forpliktande leigeavtalar når utforming av bygget, fordeling av areal og leigekostnader /økonomiske rammer er avklara.</p> <p>g. Regionrådet sluttar seg til at samordning og sambruk av rom, støttefunksjonar, merkantilt personell, og tidvis helse- og omsorgspersonell vert nærare avklara seinare i prosessen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Regionrådet støttar NUI sitt forslag til vidare prosess for å sikra kommunal forankring av Region- og helsehusprosjektet og ber NUI utarbeide felles saksgrunnlag til handsaming i kommunane når det gjeld eigarskap, økonomiske modellar og innhald.</li> <li>• NUI får i oppdrag å sikra vidare framdrift i prosjektet utan at kommunane forpliktar seg juridisk og/eller økonomisk før saka er endeleg vedteke i kommunane.</li> </ul>
<b>Sak 77/13</b>	<b>Meldingar og eventuelt</b>
	<p><b>Møteplan for resten av hausten</b></p> <p>Dagleg leiar presenterte forslag til møteplan for resten av året.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Nordhordlandsting vert måndag 28. oktober kl. 17:00 – 20:00. Tema vert helsehus og kommunestruktur. Ein kjem tilbake til sted.</li> <li>▪ Fredag 1. november kl. 09:00 – 15:30. Regionrådsmøte. Sted kjem ein tilbake til.</li> <li>▪ Måndag 25. november kl. 09:00 – 15:30. Møte om kommunestruktur</li> <li>▪ Mandag 9. desember kl. 09:00 – 12:00. Regionrådsmøte, deretter Representantskapsmøte for NUI og NHR.</li> <li>▪ Måndag 16. desember, heile dagen. Kommunestruktur. Kjem tilbake til tid og sted.</li> </ul> <p><b>Kommunestyre- og formannskapsmøte i partalsveker i 2014.</b></p> <p>Elles lufta Rune Heradstveit ideen om å prøva å samkøyra møteveker for kommunestyre og formannskap i 2014, dette for å lettare å finne møtetidspunkt til andre møte når alle kommunane er involvert. Heradstveit føreslo å setja av partalsveker til kommunestyre- og formannskapsmøte noko Jon Askeland støtta som ein svært god ide.</p> <p>Forslaget vart vel teke i mot i gruppa, og Regionrådet ber derfor om at rådmennene fylgjer dett opp med tanke på møte i kommunestyre og formannskap i 2014.</p>
	<p><b>Neste møte i Regionrådet</b></p> <p>Fredag 1. november kl. 09:00 – 15:30. Sted er ikkje endeleg bestemt.</p>

Knarvik, 3. oktober 2013

Jon Askeland (sign)  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit (sign)  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

**Vedlegg:**

Sak 73/13: Protokoll frå møte 6/2013  
Sak 74/13: Vedr prosjektsøknad UIB  
Sak 74/13: UIB, forskingsprosjekt i Nordhordland  
Sak 75/13: Forslag til mandat folkehelsegruppa  
Sak 76/13: Forslag til vedtak oppfylging av Region- og helsehus